

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

Dato	12.12.2022
Vår referanse	2022/97040-2
Dykkar referanse	22/8728
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

**Vedk. dispensasjon - rehabilitering naust - gnr. 352 bnr. 6 - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har ingen innvendingar til tiltaket. Det vil vere positivt for kulturmiljøet at eit grindbygg blir bygd opp att på tuftene til det gamle naustet.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)Berit Vik  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: cf4491fd-964e-4a61-  
b814-d48b37de92da  
Vår: 22/8816 - 23/2579

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)

Dato:

11.01.2023

## Uttale frå landbruk til rehabilitering av naust gbnr 352/6 Kårbø

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføre mål LNF-område på land, KL-område i sjøen og §1-8 byggjeforbud mot sjøen for rehabilitering av naust på gbnr 352/6 på Kårbø.

Kårbø er ei typisk kystkulturbygd der sjøen og fiske var vel så viktig som jordbruket. Alle dei 9 bruka hadde naust i Kårbøvågen. Både tunmiljøa og naustmiljø er relativt inntakt, og det er gjort få endringar i landskapet. Det bur folk i bygda som har stor interesse for kystkultur og har kunnskap om gamle fiskemetodar, kastevågar m.m. Kårbø har ein unik og interessant kystkultur historie, og miljøet i Kårbøvågen er vel verd å ta vare på. Holsenøy kystlag støttar prosjektet.



Arealmessig kan ikkje landbruksavdelinga sjå at dette vil ha noko negative konsekvensar for LNF-føremålet. Arealet er registrert som skogareal, og det er ikkje avdekt sårbare artar eller naturtypar som vil ta skade av tiltaket. Det vil ikkje ha negative konsekvensar for drift av verken jord- eller skogareal.

Landbruksavdelinga meiner det positivt at det nedraste naustet vert rehabilitert. Bygget som er planlagt er tilpassa byggeskikken på staden.

Naustgrunnene er der framleis så det vil ikkje ha negative konsekvensar om det vert oppført nytt bygg i gamal stil. Tvert i mot vil det etter landbruk si meining styrka kulturmiljøet i Kårbøvågen. Landbruksavdelinga vil rå til at søknaden vert innvilga.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG